



MT GARD var skipet i Jan Egeland sitt slektsprogram på TV i kveld.

**I dokumentarserien *Hven tror du at du er fekk* vi i kveld møta Jan Egeland som ville vita meir om bestefar sin Lauritz Egeland, krigsseglar og maskinsjef på Wrangelltankaren MT GARD av Haugesund. Skipet er velkjend for familien Bringedal i Uskedalen ettersom Olav Bringedal kom på MT GARD etter krigen og var skipper her fram til 1961. Namnet Egeland vart nemnd heime i Uskedalen.**

MT GARD med Pedersen som kaptein og Egeland som maskinsjef segla i krigsåra utan å koma i torpedering. Det som ikkje kom fram i programmet var at maskinssjef Egeland og hans besetning våren og sommaren 1944 gjorde ei bragd etter eit motorhavari ved å utføra ein mellombels reperasjon av veivakselen, noko som gjorde at dei kunne ta skipet frå Gibraltar til New York i konvoi i 11,7 knops fart. Om ikkje hadde truleg GARD blitt liggjande i Gibraltar som bunkringsskip for marinefarty.

Familien Bringedal fekk vera på korte besøk ombord i GARD på 1950 talet når skipet var inne for klassing på Rosenberg i Stavanger og på Burnmeister & Wain i København.

Knut Kaldestad frå Sunde segla som smørar på MT GARD 1951. Han fortel frå hendinga då han vart sjuk med sterke magesmerter på reise frå Algier til Abadan. Alt kunne tyda på at Kaldestad hadde akutt blindtarmbetennelse. Olav Bringedal var 1. styrmann på den tid og hadde ansvaret for helse og medesiering. Pasienten fekk medesin og behandling slik legeboka tilsa. Søndag 18. mars var Kaldestad like dårleg. Det vart bestemt å gå inn til nærmaste hamn som var Aden. Utdrag frå dagboka fortel at GARD ankom Aden kl. 03.00. Lege kom om bord kl. 08.30 og tek pasienten i land for operasjon. Straks etter, kl.08.45, går MT GARD frå Aden.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

